

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
092/2016	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	13.12.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Rolf Raknes	16/2118	16/15221


### Plansak 12602016000800 - Langhøyane bustadfelt - Mindre planendring av føresegner

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Ard AS har på vegne av Sandland Eiendom AS søkt om mindre endring av detaljregulering Langhøyane Gnr/Bnr 45/416,417 m.fl , Plan ID: 12602011000100.

Bakgrunnen for planendringa er ikkje å endre intensjonen med planen. Området skal framleis byggjast ut slik det er planlagt med alt av vegrar, gangvegar, fortau mm. Føresegnene er imidlertid formulert sånn at all teknisk infrastruktur må byggjast ut under eitt. Dette har utbygger i etterkant sett er vanskeleg og lite hensiktsmessig. Behovet for nye bustader på Radøy er begrensa og etterspurnaden etter bustader er ikkje stor nok til at er mogleg eller tenleg å byggje ut heile feltet under eitt. Utbygger ynskjer difor å endre rekkjefølgekrava i føresegnene, slik at utbygginga av feltet kan skje stegvis.



Figur 1: Kart over gjeldande plankart for Langhøyane der det er synt korleis ein meiner utbyggingstrinna bør leggjast opp.

Ut frå ynskje om skissert framdriftsplan i tre trinn vart det difor lagt fram følgjande forslag til mindre

endring av gjeldande planføresegner.

Føresegner som utgår/vert erstatta:  
(rød tekst viser kva som utgår, medan blå tekst synar forslag til nye føresegner)

- 2.3.5 Offentlego køyrovogar og kollektivhaldoplassar i planområdet skal vere dimensjonert som vist i planen og skal vere på plass før det vert gjøve igangsettelsøyve til bustadar i føljet. Jf. HandbokII100 frå Statens vegveson.
- 2.3.6 Vogar, fortau og parkeringsplassar skal byggjast ferdig før det vert gjøve bruksløyve/fordigattest til bustadene. Utbygging av infrastruktur og veglys skal skje i takt med utbygging av føljet.
- 2.3.10 Gangveg o\_G01, o\_G02 og f\_G05 skal vere ferdig opparbeidd før det vert gjøve bruksløyve til bustadane innanfor f\_BK03, f\_BK04, BF04, BF05 og BF12 og vestre del av BF06.  
For trinn 1 skal køyrevg, o\_KV012, o\_KV17, o\_KV18, med tilhøyrande fortau og gangveg, o\_FT09, o\_FT10, o\_FT13, o\_FT14, o\_G03, f\_G04, f\_G05, samt tilhøyrande veglys og parkering vere ferdig opparbeida fram til kvar einskild tomt før det kan gjevast bruksløyve til bustadelta, del av BF06 langs o\_KV17, BF07-BF11.
- 2.3.11 Gangveg o\_G03 og f\_G04 skal vere ferdig opparbeidd før det vert gjøve bruksløyve til bustadane innanfor BF09, BF10 og BF11.  
For trinn 2 skal køyrevg, o\_KV14, f\_KV15, f\_KV16, med tilhøyrande fortau og gangveg, o\_FT11, o\_FT12, o\_G01, o\_G02, vere ferdig opparbeida fram til kvar einskild tomt, samt køyrevg, o\_KV01, fortau o\_FT01 og o\_FT04, samt tilhøyrande veglys og parkering vere ferdig opparbeida før det kan gjevast bruksløyve til bustadelta, BF04, BF05, BF12, f\_BK03-f\_BK06.
- 2.3.12 Fortau langs FV 410 o\_FT01 - o\_FT04 skal vere ferdig opparbeidd før det vert gjøve bruksløyve/fordigattest til bustadene innanfor planområdet.  
For trinn 3 skal køyrevg, o\_KV04-o\_KV06, f\_KV07-f\_KV11, med tilhøyrande fortau o\_FT05-o\_FT08, vere ferdig opparbeida fram til kvar einskild tomt, samt køyrevg, o\_KV01, fortau o\_FT01 og o\_FT04, samt tilhøyrande veglys og parkering vere ferdig opparbeida før det kan gjevast bruksløyve til bustadene innanfor BF01-BF03, f\_BK01, f\_BK02, f\_BK07 og f\_BH01.
- 2.3.13 Fortau o\_FT05 - o\_FT08 skal vere ferdig opparbeidd før det vert gjøve bruksløyve til bustadane innanfor BF03, f\_BK01, f\_BK02 og f\_BF07.
- 2.3.14 Fortau o\_FT09 - o\_FT12 skal vere ferdig opparbeidd før det vert gjøve bruksløyve til bustadane innanfor BF04, BF05 og f\_BK04 f\_BK06.
- 2.3.15 Fortau o\_FT13 skal vere ferdig opparbeidd før det vert gjøve bruksløyve til bustadane innanfor BF08 og BF09.
- 2.3.16 Fortau o\_FT11 skal vere ferdig opparbeidd før det vert gjøve bruksløyve til bustadane innanfor BF06 og BF07.

*Framlegg til endring i føresegner - Det som er merka gult handlar om infrastrukturtiltaka.*

Framlegg til planendring vart sendt til Radøy kommune, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Statens vegvesen, BKK nett AS, NGIR og grunneigarane i planområdet den 03.11.16.

Varslinga var meint å skulle avklare om endring kan gjerast som mindre endring av plan i samsvar med plan- og bygningslova § 12-14.

Det kom følgjande merknader til framlegget:

Hordaland Fylkeskommune:

Samferdsel

Innspel til punkt i føresegna:

2.3.5:

Her vert det føreslått å fjerne kravet om å etablere kollektivhaldeplass i planområdet.

Samferdselsavdelinga stötter dette. I tråd med Kollektivstrategien for Hordaland er det eit mål å følgje dei etablerte kollektivaksane og ikkje etablere system med omvegar.

### 2.3.6

Punktet er fjerna, og i staden vert det lagt opp til etappevis utbygging vidare i føresegna. Dette er ei grei løysing, men vi saknar at veglys og parkering vert fanga opp i dei følgjande punkta. Ved å la veglys og parkering vere med vidare kan reguleringsendringane aksepterast som «mindre endring».

#### Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget ut over merknader knytt til samferdsel. Vi ber om at innspela vert handtert i det vidare planarbeidet.

#### Planleggar sin kommentar:

*Endring for punkt 2.3.5 er tatt til følgje.*

*Endring for punkt 2.3.6 er tatt til følgje, veglys og parkering er lagt til under 2.3.10, 2.3.11 og 2.3.12.*

#### Rådmanen sin kommentar:

*Det vert teke til vitande at Hordaland Fylkeskommune støttar at handsaming kan gjerast som mindre endring av plan, når punkt om veglys og parkering er teke med.*

#### Fylkesmannen i Hordaland:

Føresegne slik dei føreligg legg opp til at heile feltet skal byggjast ut samtidig. Dette er ikkje ønskeleg og ein vert difor nøydd til å gjere nokre endringar i føresegne.

Fylkesmannen har ingen merknader til dei føreslårte endringane i føresegne til planen.

#### Planleggar sin kommentar:

*Teke til vitande*

#### Rådmanen sin kommentar:

*Det vert teke til vitande at Fylkesmannen i Hordaland ikkje har merknader til mindre endring av plan.*

#### Statens Vegvesen:

*Statens vegvesen er opptatt av at tilhøva for mjuke trafikantar mellom planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.) vert sikra. Den vidare prosessen må syne korleis tilhøva for mjuke trafikkantar er tatt i vare på ein tilfredstillande måte, også i anleggfasen med utbygging.*

*Ut frå framlegg til nye føresegner ser det ut til at Trinn 1 skal realiserast først. Vi meiner at det må gå klart fram korleis Trinn 1 er delaktig i finansiering av tiltak langs fylkesvegen (køyreveg og gang- og sykkelveg.)*

*I framlegg til føresegner er o KV01, fortau o\_FT01 og o\_FT04 nemnt både under Trinn 1 og Trinn 2.*

*Vi er av den oppfatning at fylkesveg og tilhøyrande anlegg må realiserast på eit tidleg stadium av utbygginga.*

*Vi ber også om at nemninga Handbok 017 vert erstatta med Handbok N100.*

*Når det føreligg eit nytt framlegg til plan og føresegner vil vi vurdere om våre interesser er tatt tilstrekkeleg i vare.*

**Planleggar sin kommentar:**

Tilhøva for mjuke trafikantar – tatt til følgje.

Merknad om trinn 1 - *Ikkje tatt til følgje. Det er først i trinn 2 og 3 at den store utbygginga med mange eininger vil finne stad og vi vurderer det difor som rimeleg at finansiering av tiltak langs fylkesveg skal finansierast gjennom trinn 2 og 3. I trinn 1 er det berre lagt til rette for 22 eininger medan det i trinn 2 og 3 er lagt til rette for 102 eininger.*

Punkt om KV01, o\_FT01 og o\_FT04 - *Ikkje tatt til følgje. Vi vurderer det som tilstrekkeleg at fylkesveg og tilhøyrande anlegg realiserast i trinn 2.*

Endring frå handbok H017 til handbok N100 - *Tatt til følgje, er retta.*


**Rådmanen sin kommentar:**

*Rådmannen støttar planleggar sine vurderingar med omsyn til tiltak langs fylkesvegen. Trinn 1 vil ikkje gje ueheldige konsekvensar i høve til mjuke trafikantar. Omsynet til mjuke trafikantar er godt teke i vare i trinn 2 og 3.*

**Vurdering**

Det er rådmannen sin vurdering at den varsle endringa må kunne handsamast som ein mindre endring av reguleringsplan. Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommunen støttar kommunen sin vurdering av prosess. Samstundes tek rådmannen til vitande at Statens Vegvesen gjennom sin merknad indikerer at endringane for trinn 1 ikkje kan handsamast som mindre endring.

Når det gjeld konsekvensane av endringane er det rådmannen sin vurdering at endringane ikkje endrar intensjonen i planen. Oppdeling i trinn tek i vare både omsynet til mjuke trafikantar og omsynet til landskapet. Om ein skal bygge ut heile infrastrukturen i feltet under eit vil eit stort område, som i dag er grøntareal, verte liggjande som eit anleggsområde i potensielt mange år. Det er tenleg og normalt at utbygging av infrastruktur følgjer utbygging av bustader. Vidare er det tenleg at tiltak knytt til fylkesveg vert utført samstundes med at avkjørsle til fylkesveg frå trinn 1 og 2 vert etablert.



Figur 2: Raude pilar synar kvar det er planlagt tilkomst til planområdet. Blå stipling syner tilkomst til busshaldeplassen for trinn 1. Oransje stipling syner eksisterande fortau/gangveg.

Rådmannen ynskjer å gå i dialog med Statens vegvesen for om mogleg å oppnå semje om at den skisserte løysinga for trinn 1 kan handsamast som ein mindre endring.

Det er allereie seld mange tomter i område for trinn 1, og det hastar for kjøparane å få kunne sende inn byggesøknader. Det vil vera særskilt uheldig om ein full planendringsprosess skal stoppe oppføring av bustader på dei selde tomtane.. Rådmannen ser at det vil krevje noko tid å gjennomføre ein god dialog med Statens vegvesen og det ikkje vil vere mogleg å kome i hamn med dialogen innan sakspapir til møte 13.12.16 vert sendt ut. Første møte i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i 2017 vil vere 15.02.17. Av omsyn til dei som venter på å få søkje om byggeløyve på tomtane sine ber rådmannen om mynde til å treffen vedtak om mindre reguleringssendring, i samsvar med det som her er skissert, under føresetnad av at dialogen med Statens vegvesen førar fram innan kort tid.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert delegert mynde til Rådmannen for med heimel i Plan- og bygningslova § 12-14 å treffe vedtak om mindre reguleringsendring for detaljreguleringsplan Langhøyane bustadområde PlanID 12602011000100 som varsla i framlegg av 03.11.16 med endringar i samsvar med merknader og seinare dialog med Statens vegvesen.

Grunngjevinga for vedtaket er at Hovudutval for plan, landbruk og teknisk er samd med rådmannen sine vurderingar i saka og ser det som tenleg at mindre reguleringsendring kan vedtakast før neste møte i utvalet.

Heimel for vedtaket er Kommunelova § 23 nr 4.

### **Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 092/2016**

#### **PLT - handsaming:**

Leiar for teknisk forvaltning, Tonje Nepstad Epland orienterte om saka og prosessane.

Hovudutvalet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **PLT - vedtak:**

Det vert delegert mynde til Rådmannen for med heimel i Plan- og bygningslova § 12-14 å treffe vedtak om mindre reguleringsendring for detaljreguleringsplan Langhøyane bustadområde PlanID 12602011000100 som varsla i framlegg av 03.11.16 med endringar i samsvar med merknader og seinare dialog med Statens vegvesen.

Grunngjevinga for vedtaket er at Hovudutval for plan, landbruk og teknisk er samd med rådmannen sine vurderingar i saka og ser det som tenleg at mindre reguleringsendring kan vedtakast før neste møte i utvalet.

Heimel for vedtaket er Kommunelova § 23 nr 4.

#### **Vedlegg:**

Merknad\_Fylkeskommunen\_Langhøyane, mindre endring\_15.11.16

Merknad\_Fylkesmannen\_Langhøyane, mindre endring\_07.11.16

Merknad\_SVV\_Langhøyane, mindre endring\_15.11.16

Føresegner Langhøyane\_mindre endring

Varselbrev om mindre endring\_Langhøyane

Merknadsskjema\_varsling\_Langhøyane, mindre endring